



Referat møte i Team Hardanger (TH) 18.01.2022, 1030-1500, Iris Scene i Odda

Møtte:

Jan Tjosås, Kvam herad - leiar
Inge Håvard Aarskog, Ullensvang kommune,
Helene Lillebø, Ullensvang kommune
Mona Hellesnes, Ulvik herad,
Anna Gursli Langesæter, Næringshagen i Ullensvang
Christel J. Kvamme, Næringshagen i Ullensvang
Sigmund Vereide, Hardanger og Voss næringshage,
Administrasjon Hardangerrådet: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

Særskilt inviterte:

Nordhordland næringslag	Baste Tveito
Nordhordlandsrådet	Rune Heradstveit
Hardanger Industri	Ingvald Torblå
Kvam næringsråd	Hans Jørgen Andersen
Ullensvang Handel	Inge Lægreid
Ullensvang Reiseliv	Lars Inge Thorset
Ulvik næringslag	v/ Mona Hellesnes
Eidfjord næringslag	v/ Lars Inge Thorset
Boliden	Karl Ystanes
Boliden	Johan Abrahamsson

Agenda:

10.30 - 11.30	Lunsj
11.30 - 13.30	Fellesmøte mellom Team Hardanger og næringsorganisasjonar i Hardanger <ul style="list-style-type: none">• Næringssamarbeid i NordhordlandOrganisering / samarbeid / erfaring / utvikling<ul style="list-style-type: none">v/ Baste Tveito, dagleg leiar Nordhordland næringslag og Rune Heradstveit, dagleg leiar Nordhordlandsrådet• Kort presentasjon av næringslaga i Hardanger• Drøfting omkring organisering / samhandling m.m. for næringsutvikling i Hardanger.
13.30 - 15.00	Green Zink Odda 4.0 - Utvidings- og fornyingsprosjektet ved Boliden
Odda	Orientering

Kort innleiingsrunde frå alle inviterte, før Nordhordland presenterte sine erfaringar.

Kvam næringsråd:

Mange ulike organisasjonar og organiseringar ein må samarbeida med for å få utvikling. Dei ønskjer å vera med å utvikla Kvam som samfunn.

Ullensvang handel:

Orientering om prosjekt, arrangement og aktiviteter for utvikling og forbetring av Odda sentrum.

Ullensvang reiseliv:

Etablert som vidareføring av Ullensvang næringsforum frå Ullensvang herad. Har tradisjonelt drifta turistinformasjonane Lofthus, Utne og Kinsarvik. Har nyleg beslutta å avslutta med dagleg leiar. Ullensvang reiseliv engasjerer seg i aktuelle saker som t.d. infrastruktur, samarbeid.

Eidfjord næringslag:

Ingen ansatte eller offentleg finansiering. Kommunen har tett og godt samarbeid med næringshagen i Hardanger, som har faste kontordagar i Eidfjord. Kommunen er også med å dekker utgifter til f. eks tenester frå næringshagen.

Ulvik næringslag:

Alle bransjar representert mellom medlemmene. Har hatt dagleg leiar i 80% stilling.

Reiselivsmedlemmene har ikkje vore nøgde med organiseringa. Heradet har overtatt drift av turistinformasjon frå 2021. Laget tilbyr kontorhotell. Jobbar med å auka aktiviteten i selskapet.

Viktig å bygga kontakt mellom lokalt næringsliv og næringshagen i Hardanger, som også har faste kontordagar i Ulvik.

Region Nordhordland:

Samfunnsutvikling

Tenesteutvikling: Gjera noko med måten me jobbar på, ikkje berre å gjera jobben

f. eks helseshuset i Alver genererer nok meir enn helse, det genererer noko meir. Eit sentralbygg i regionsenteret har også vore ein kickstart for utvikling.

Nordhordland næringslag har 3 stillinger:

1. Dagleg leiar og utviklar
2. Arrangement og nettver - finansiert av næringa
3. Kompetanse
- og no bankar NAV på døra og vil ha 1 stilling der også.

Dei arbeider i og for dei 8 kommunane som er medlem av Norhordlandsrådet

Viktig at ein har arbeider med det ein skal. Kommune er tilrettelegger - ikkje næringsutviklar.

Utvikling:

Start med å **finne roller**. Me vil ha alle næringshageprogram, det er midlar og aktivitet til regionen, men me må få rollevaklaring. bevisstgjera kvar organisasjon om kva dei driv med, og kva dei ikkje driv med. Her har me gjort mykje. Me har definert rollene, og fått stramma opp ved å sitta rundt same bord.

Viktig å forstå eigen rolle. Har også arbeidd med at andre også spissar si rolle og avgrensar seg til å arbeide om det.

Eit regionråd er eit enkelt verktøy for næringsliv som er organisert i eit overbyggande organ.

Me må møtast så ofte som me kan, for å bli enige om store tunge saker. Regionrådet og næringslaget skriv f.eks uttalar saman.

Korleis arbeide med vei?

Viktig å både tone ned dei sakene me er uenige med, og så ikkje snakke ned naboen sitt prosjekt.

Kva skal felles strategi vera? Finna gode og dårlege sider.

Viktigast: Tydelege rollefordelingar, og ein må møtast ofte nok! Nordhordaland 2.0 - møte mellom region, kommunar, næringsselskap og lag.

Virkemiddel: Støtte regionale strategiar og mål

Fleire samanslåingar : endå sterkare saman!

Bør næringane ha kvar sine organisasjonar, men felles paraply for heile Hardanger? Korleis få det til? Korleis få stemmene til å bli meir regionale?

Viktig innspel at me må definera og ha tydlege roller.

Roller og oppgåver - der har me fortsatt ei stor arbeid for å få avklart, både i kommunane og i regionen. Det har også med forventingar å gjere, det er f.eks ikkje kommunisert godt not ut kva som ligg i ein næringssjefsrolle? Særdeles viktig å ta denne diskusjonen og gjera dette arbeidet.

Det kan også vera vanskeleg å få bedrifter engasjert.

Eit råd frå Baste - “*dersom ein trur det er klokt å samla seg, så er min erfaring at ein må starta ein plass. Ein MÅ samla krefter, og me treng møteplassar!*”